



Til: Høyringspartane

Vår ref.
13/6310

Saksh.: Gunnar Elnan
Telefon: 53 67 35 08

Arkivkode
K1-143

Arkivsak
13/374-3

Dato:
13.05.2014

Vedteke planprogram for kommunedelplan Sysendalen, Eidfjord kommune - høyringsutkast

Innhald i planprogram:

1. Føremål med planarbeidet
2. Avgrensing av planområdet
3. Premisser for planarbeidet:
 - 3.1. Nasjonale føringar,
 - 3.2. Regionale føringar,
 - 3.3. Kommunale føringar og planar som er relevante for planarbeidet
4. Planprosessen; fristar, deltakarar, medverking
5. Konsekvensutgreiing (KU)
 - 5.1. Krav til konsekvensutgreiing
 - 5.2. Korleis enkeltområder skal greiast ut, med alternativ
 - 5.3. Korleis samla arealbruksendringar skal vurderast
 - 5.4. Krav til dokumentasjon frå forslagsstillar

1. Føremålet med planarbeidet

Føremål med planprogrammet er å klargjera kvifor; plan, omfang, premisser, innhald, medverking og framdrift i plan- og utgreiingsarbeidet.

Dersom forslaget til arealdel inneheld nye utbyggingsområde eller vesentlege endring av eksisterande, vert det kravd konsekvensutgreiing av planforslagets verkingar for miljø og samfunn etter forskrift om konsekvensutgreiing. Verkingane skal belyst både for planforslagets utbyggingsområde enkeltvis og samla.

Det er samanheng mellom storleik på planområdet, føremål og kva form for prosess det er aktuelt å gjennomføra. Omtale av moglege føremål med planarbeidet;

- A. Utvikling av alpindestinasjon (Eidfjord Resort). Dette er eit privat initiativ for utvikling av alpindestinasjon opp mot Rundehaugen frå Fetaleitet og Gondolbane opp mot nordsida av Kistenuten med kafe på endestasjonen, fleire nedfartar mot Fet. I området rundt planlagt nedre startområde for gondol og skiheis er det tenkt utvikla bu- og servicetilbod med eit «ski-inn» tilbod. Det er utarbeida ein masterplan som grunnleggjend grunnlaget for tiltakets plassering. Forslaget er omfattande i arealbruk, får konsekvensar for; villreinens leveområde, friluftsliv, arealbruk i strid med overordna plan, infrastruktur, VA, næringslivet lokalt og i kommunen og arealbruk i andre delar

av dalen. Konsekvens av ynskje om å satsa på utvikling av eit avgrensa område i Sysendalen kan medføra behov for å fordela ressursar og kostnader. Ein rettviss fordeling av moglege fordelar og ulemper må vera vurdert i planarbeidet. Dette er det heimel til i kap. 17 i plan og bygningslova.

- B. Vedteken sti- og løypeplan. For å sikra areal vedteke som sti og løyper for framtida er det ynskjeleg å leggja vedteke sti- og løypekart til grunn for arealbruk i kommuneplanen. Dette vert ei oppdatering av gjeldande situasjon i kommuneplanen. I tillegg er det heimel i ny planlov å bruka juridisk bindande symbol for gangveg alt. turvegtrase.
- C. Endring av føremål fritidshus-bustad. Saka har sin bakgrunn i mediaoppslag og signal frå fylkesmannen om bruksendring frå fritidshus til bustad. Den prinsipielle sida med dette spørsmålet bør avklarast på eit overordna nivå framfor å handsamast som dispensasjonssak i enkeltsaker. Slike saker har mange sider; rettar den enkelte har som innbyggjar i Eidfjord, kva den enkelte kan bidra med til Eidfjord og kva følgjer det har for området fritidshuset ligg.
- D. Areal til framtidig trase for Rv7. Dei førebels skisser for mogleg trase som har vore presentert, har vist ein tilkomsttunnel frå Storlia aust for Maurset opp mot vestsida av Sysenvatnet. Samferdselsdepartementet skal utføra ein KVVU for Hardangervidda tunnelen. Det er forventa at ein slik prosess minst tek 2 år og den er ikkje starta. Det betyr at det truleg er for tidleg å ta høgde for framtidig trase for Rv7 i kommunedelplan no. Alternativt kan dette tema vera ein eigen kommunedelplan.

2. Avgrensing av planområdet

Gjeldane kommuneplan vart godkjent i 2011, denne var eit resultat av ein prosess som starta i 2006. Vedteken arealdel av kommuneplan, godkjent i 2011, er i hovudsak vidareføring av plan frå 2006. I 2011 var det for Sysendalen teke inn areal for utviding av alpinbakken på Maurset til opp på Grytehorga, og det er opna for bygging av 3 nye stølshus i Isdalen og 2 i Hansalia. Fylkesdelplan for Hardangervidda har definert villreinens leveområde og delt Sysendalen inn i ulike bruksområde. Planen er ikkje juridisk bindande, men kan gje grunnlag for motsegn.

Kommunedelplan for Sysendalen, planområde, vert avgrensa som vist på vedlagte kart datert 27.03.2014.

3. Premissar for planarbeidet

3.1 Nasjonale føringar

- Nasjonale miljømål
- St.meld.nr. 16 (2002-2003) Resept for et sunnere Norge. Helse- og omsorgsdepartementet.
- T-1497 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer
 - o for samordna areal- og transportplanlegging
 - o for barn og planlegging
 - o for universell utforming
 - o for klima- og energiplanlegging
- Viktige brev frå Miljøverndepartementet om; areal til bustadbygging, naturmangfald, flom og ras og ansvar for jordressursane.
- NGI sine skredkart.

3.2 Regionale føringar;

- Regional plan for Hardangervidda
- Fylkesplan for Hordaland

- Regional næringsplan
- Rapport om biologisk mangfald i kulturlandskapet

3.3 Kommunale føringar;

- Planstrategi
- Arealdelen til kommuneplanen for 2011– 2022
- Retningslinjer og føresegner til arealdelen 2011-2022
- Miljø- og landskapsanalyse for Sysendalen 2001
- Viltrappport, 2006
- Biologisk mangfald, 2002
- Dambrotbølgjeberekning, Sysendammen
- Radonkartlegging i Eidfjord, 2003
- Rasrapportar
- Sti- og løypeplanen for Sysendalen 2013

4. Planprosessen

Kor omfattande prosessen vert, heng saman med tema planen skal omfatta. Men det er nokre krav som følgjer av lova.

Utkast til rettleiar om medverknad i planlegging, peiker på formelle krav og kjem med råd og gode døme for prosess. Som råd for god medverknad er det peikt på:

- Samarbeid med interne einingar som planen gjeld. Sikrar tverrfagleg diskusjon og forankring intern frå starten.
- Sikra politisk deltaking. Involvera politikarane undervegs i planprosessen for å oppnå brei forankring.
- Medviten samansetjing av kontaktar som er part og har interesse. Det vil effektivisera varslingsrutinar og sikra grupper som kan vera vanskelege å nå, vert høyrte.
- Definerer føremålet med planen. Dette er med å setja ramar for prosessen og styra forventingane.

1. Informasjon vert gjort tilgjengeleg i form av varsling eller invitasjon. Målgrupper er viktig å definera for å gje deltakarane moglegheit til aktiv deltaking.
 - a. Kunngjering. Pålagt i lov. Presis informasjon kan vera utfordrande, og det er ei fare for at føremålet med planen ikkje vert oppfatta og at ein går glipp av innspel.
 - b. Regionalt planforum. Er eit nyttig fora for samordning av interesser mellom regionale, statlege og lokale mynde.

Skisserte arbeidsform vil vera mest tenleg i dette planarbeidet. Alle vert varsla og spesielle målgrupper vert gjeve moglegheit til aktiv deltaking. Saka vert å starta med vedtak (mai 2014) om oppstart av planarbeidet samstundes som planprogrammet vert å leggja ut til offentleg høyring. Med bakgrunn i planarbeid vert det å starta planarbeidet med KU og undersøkingar barmarksesongen 2014. Planforslag kan truleg informerast om og vedtakast lagt på høyring seinhausten/vinteren 2014/15. Endeleg vedtak av plan kan forventast våren 2015.

5. Konsekvensutgreiing (KU)

5.1 Krav til KU

Planprogrammet skal så langt det let seg gjera avklara kva forhold som vert utgreidd og belyst i planforslaget. Føremålet er at KU vert konsentrert om dei tema som er relevant for aktuelle arealbruken. Risiko- og tryggleiksanalyse skal vera ein del av KU. Punkta under vil danna grunnlaget for KU som del av planprogrammet.

Eksisterande kunnskap for Sysendalen:

- Arealdelen til kommuneplanen for 2011– 2022
- Retningslinjer og føresegner til arealdelen 2011-2022
- Miljø- og landskapsanalyse for Sysendalen 2001
- Viltrapport, 2006
- Biologisk mangfald, 2002
- Dambrotbølgjeberegning, Sysendammen
- Radonkartlegging i Eidfjord, 2003
- Rasrapportar og skrednett
- Sti- og løypeplanen for Sysendalen 2013
- ÅDT 2013
- Eidfjord Resort masterplan 2014

5.2 Korleis enkeltområde skal greiast ut, med alternativ

I masterplanen er vurdert grunnlaget for alpinanlegg i Sysendalen. Dette arbeidet er utført av Ecosign, eit firma med utvikling av alpindestinasjonar som spesialitet. Økonomisk risiko med denne satsing er det primært private investorar som må ta. Kommunalt engasjement vert avgrensa til overordna planarbeid og mogleg bidrag til infrastruktur langs kommunale vegar. Bidrag til infrastruktur må opp som eigen sak på eit seinare stadium. Det er Statens vegvesen som har ansvar for Rv7 og kan meina noko om alpinanlegg med antyda kapasitet får følgjer for Rv7.

Ein VA-løysing får konsekvensar utover å kunna knyta seg til det offentlege vatn- og avløpsnettet i Sysendalen. Kapasiteten ved Garen og Isdøla reinseanlegg er i dag nær brukt opp, ei realisering av Eidfjord Resort inneber behov for realisering av nytt reiseanlegg og å setja av areal til føremålet. Teknisk etat har fått detaljprosjekttert eit slikt anlegg med tanke på lokalisering ved Rv7 på Gomakvilsmyrane.

Alternativt skal kommunen og sjå nosituasjonen der Sysendalen vidareførast med hovudfokus på utvikling av tradisjonelle hytteområde med langrenn som viktigaste vinteraktivitet i kombinasjon med eksisterande alpinbakke på Maurset.

Tek utgangspunkt i konklusjon frå pkt. 4. Forskrifta forutsetter at planprogrammet så langt som mogleg avklarar kva forhold som vil bli utgreidd og belyst i planforslag med konsekvensutgreiing. Relevante miljø- og samfunnstema i KU:

- Forureining (klimagass, annet utslipp til luft, forurensning av jord og vann)
- Transportbehov, energiforbruk og -løsingar
- Kulturminner og kulturmiljø
- Naturmangfald
- Friluftsliv
- Landskap
- Tilgjengelighet til uteområder og sti- og løypenett
- Beredskap og ulykkesrisiko
- Lokalt næringsliv
- Verknad for kommunal tenesteyting

a) Eventuelt behov for ny kunnskap

Plantema	Miljø- og samfunnstema	Metodebruk og datagrunnlag
Utvikling av alpindestinasjon	Transportbehov, energiforbruk og -løsingar	Potensialet er vurdert til 3400 skiløparar/dag i Masterplanen, krev utgreiing i KU
	Kulturminner og kulturmiljø	Området er ikkje undersøkt i detalj, det vert å setja krav om undersøking i samband med

		utarbeiding av detaljplan
	Friluftsliv	Høyring hos brukarar
	Landskap	Illustrasjonar/modellar, landskapsanalysen
	Tilgjengelighet til uteområde og sti- og løypenett	Løysing for tilkomst må visast i detalj, det vert å setja krav om undersøking i samband med utarbeiding av detaljplan
	Beredskap og ulykkesrisiko	ROS-analyse
	Lokalt næringsliv	Effekt i Eidfjord og lokalt i Sysendalen
	Naturmangfald	Viltbasen og registreringar av villreinen si arealbruk
	Forureining (klimagass, annet utslipp til luft, forurensning av jord og vann)	VA-løysing, vassanalysar frå Bjoreio og miljømål
	Beredskap og ulykkesrisiko	Skrednett, rasrapportar. Området er ikkje undersøkt i detalj, det vert å setja krav om KU i samband med utarbeiding av detaljplan
	Verknad på kommunal verksemd	Vert å greia ut i KU
Infrastruktur til alpindestinasjon, inkl. nytt reinseanlegg	Transportbehov, energiforbruk og -løsingar	Anleggskapasitet må liggja til grunn
	Kulturminner og kulturmiljø	Det vert å setja krav om undersøking i samband med utarbeiding av detaljplan.
	Friluftsliv	Registrering av ferdsel
	Landskap	Illustrasjonar/modellar, landskapsanalysen
	Tilgjengelighet til uteområder og sti- og løypenett	Sti- og løypeplan, og interne stiar og løyper
	Naturmangfald	Viltbasen og biologisk mangfald
	Beredskap og ulykkesrisiko	ROS-analyse Området er ikkje undersøkt i detalj, det vert å setja krav om KU i samband med utarbeiding av detaljplan. Eksisterande vegnormalar vert å bruka
Arealbruken for sti- og løypetilbodet	Beredskap og ulykkesrisiko	Sti- og løypeplanen for Sysendalen
	Friluftsliv	Effekt for folkehelsa
	Kulturminner og kulturmiljø	Området er ikkje undersøkt i detalj, det vert å setja krav om undersøking i samband med areal det er aktuelt med konkrete inngrep
	Landskap	Miljø- og landskapsanalyse for Sysendalen
	Naturmangfald	Viltbasen og registrering av reinen sin arealbruk, tiltak når reinen er i

		området
Bruksendring frå fritidsbustad til bustad	Verknad for området	Intern avklaring i kommunen
	Verknad for samfunnet Eidfjord	Intern avklaring i kommunen, lokalt næringsliv og eksterne etatar
	Verknad for kommunal verksemd	Avklaring i KU

5.3 Korleis samla arealbruksendringar skal vurderast


Arealbruken i Sysendalen må vurderast samla, behovet for friareal, omsynet til eksisterande bustader og fritidsbustader, vilt- og biologisk mangfald. Effekt av 0-alternativ, og effekt for eigedomar som ikkje direkte vert involvert i utbyggingsområdet.

5.4 Krav til dokumentasjon frå forslagsstillar

- Plassering, storleik og avgrensing for nytt tiltak
- Type areal som vert rørt av tiltak (skog, jordbruk, friområde osv.) og forventa konflikt
- Tilkomstløysingar og forventa trafikkmengde

Dokumentasjonen må kunna etterprøvas.

Med venleg helsing



Gunnar Elnan

leiar areal- og miljø